

Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

76. ÅRG. / NR. 4 - 2022 / kyrkja.no/vaksdal



*HA EI GOD
ADVENTS-
OG JULETID!*



Vegensidene
Side 8-10

Siste ord frå biskopen
Side 16

Mange konsertar i kyrkjene før jul Side 3

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkevegen 3, 5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)
E-post: kyrjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold
Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Starnes sokn
Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærer Kristin Straume Normann

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester,
konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på
www.vaksdal.kyrkja.no

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065

Dale kyrkje: Kyrkjegata 1

Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014

Eksingedalen kyrkje: Sordalsvegen 10

Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31

Starnes kyrkje: Grupevegen 19

Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

VIPPS

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Starnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111



Stoff til neste nummer må vera kome inn til 8. mars.

Bilete på framsida: Illustrasjonsbilete.

(Ad)vent med jula

Då er me inne i adventstida. Sjølv om dette nok er ei tid som er delvis gløymd av mange, er det ein fin tradisjon å halda på tenker eg. Etter kvart som adventstida går mot slutten, kan ein la julestemninga langsamt snika seg innpå ein.

Ja, for det er greitt å enno vita at det tar ei stund før høgtida er over oss. Det tar tid å lage 7 sortar kake, få juletre i hus, pussa sølv og vaska. Eller komme på at ein skulle ha kjøpt juletre, at dei sju sortane også er til sals på Rema 1000 og at sølvet sikkert klarar seg litt til utan puss.

Jula er så mangt. Dei fleste av oss kan sjå fram mot god mat, fine presangar og hyggelig samvær med familie. For andre er det ikkje slik. Jul er den vanskelege høgtida. Høgtidene har det med å bringe fram det beste, men også det verste i oss menneske. Dei øydelagde relasjonane vert ekstra synlege, og følbare. Dei vanskelege minna kjem nærare.

Den siste tida har også dette med fattige blitt aktualisert. Nordmenn som ikkje har råd til å feire jul. Som ikkje kan kjøpe det borna vil ha, og som ikkje har råd til julemiddag. Det er tragisk at eit rikt land som Noreg ikkje evnar å ta betre vare på dei svakaste i samfunnet. Heldigvis stiller Frelsesarmeen, Kirkens Bymisjon og mange fleire opp for å hjelpe. Det vert delt ut presangar og mat for millionar av kroner. Men dette er faktisk eit ansvar som ligg på styresmaktene, og ikkje organisasjonslivet. Eg blir skamfull og trist når styresmaktene i stor grad er tause kring dette problemet.

Men trass i dette vert det jul i år også. Kyrkjeklokkene vil ringe høgtida inn, og me skal igjen få lov til å feire eit lite barn som vart født i Betlehem. Så la oss ta vare på kvarandre i denne jula. La oss syte for å spreie litt av all denne rikdommen som dei aller fleste av oss har meir en nok av. Då dette barnet vaks opp og blei ein mann sa han mellom anna "Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg."

God jol i vente, ta vare på kvarandre!

Bjart-Magnus N Rosvold

Fellesrådsleiar:

Lars Patterson, tlf. 91 88 78 25 / e-post: lars.patterson@vetlejord.com

Soknerådsleiarar:

Bergsdalen: Anne Hilde Fosse Osvold (mellombels) 95 10 03 27

Dale: Eli Leiren, tlf. 99 32 53 53

Eksingedalen: Jarand Brørvik (mellombels), tlf. 99 36 39 51

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Starnes: Bjørn Starnesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Grete Loftheim Dale, tlf. 99 26 81 28

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no

Björgvin bispedømme si heimeside: www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Avgiftsfritt.

Bladpengar: kr 250,-

Bankgiro: 3500.07.05800

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Bladstyar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming: Vaksdalposten

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: Bodoni AS, avd. Hardanger, Øystese. Tlf. 46 63 09 33

Retur til: Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Kyrkjebladet frå 2002 og framover kan lesast på: kyrkja.no/vaksdal

Konsertar i adventstida

I adventstida er det mange konsertar i kyrkjene våre. Det kan kome endringar og tillegg, så følg med på plakatar, annonsar og Facebook.

Torsdag 1. desember

Vaksdal kyrkje kl. 19.30

Frida med vener! Konsert til inntekt for flygelet i Vaksdal kyrkje. Sjå eigen annonse.

Laurdag 3. desember

Dale kyrkje kl. 17.00. Julekonsert med Fossegrimen. Billettsal ved inngangen.

Laurdag 10. desember

Eksingedalen kyrkje kl. 16.00

Adventskonsert med koret Kilden, unge organistar og Ruben Gjertsen.

Adventstankar ved Lars Patterson.

Kollekt til kyrkjemusikalsk verksemd.

Søndag 11. desember

Dale kyrkje kl. 19.00

Adventskonsert med Dale Musikkforening, Kordial, Hilde Fischer Stratton og Steve Stratton, Martha Lise Langeland, William Grøv Skramsett og Frode Vik. Kollekt til kyrkjemusikalsk verksemd.

Tysdag 13. desember

Dale kyrkje kl. 13.00

Lucia-konsert med barnehagane på Dale og Stanghelle, Lena Fjærestad og Frode Vik.

Laurdag 17. desember

Dale kyrkje kl. 16.00

Konsert med Vossagospel. Sjå eiga annonse..

Søndag 18. desember

Starnes kyrkje kl. 16.00

Adventskonsert med Blanke Messingen, Starnes barnekor og Martha Lise Langeland, Eirik Straume Normann og Trine Duesund Straume, fløyteelevar og Ruben Gjertsen.

Kollekt til kyrkjemusikalsk verksemd.

Vaksdal kyrkje kl. 19.00

Adventskonsert med Vaksdal Musikklag, Dale Mannskor, Hege Eide Vik, Øystein Haga og Frode Vik.

Kollekt til kyrkjemusikalsk verksemd.





NY HEIMESIDE

Den norske kyrkja i Vaksdal har fått ny heimeside. Ho er ennå under utvikling, men er likevel tilgjengeleg for alle som vil sjå nærare på ho. Dette er adressa: kyrkjeneivaksdal.no

MÅNDAGSTREFF I VAKSDAL KYRKJE

Vel møtt til ei ope og uformell pratestund i konfirmantrummet!

Kaffien og teen er klar måndagar frå kl 12.00 til 13.30.

Siste gong før jul er 19. desember, og fyrste gong etter jul er 9. januar.

LAURDAGSGRAUT I DALE BEDEHUS 3. DESEMBER

Soknerådet og Indremisjonen ynskjer velkomen til Dale bedehus kl 12.00 - 14.00 denne dagen. På menyen: Risengraut, saft og kaffi. Og alt er gratis!

JULEFESTAR PÅ VAKSDAL OG STANGHELLE

Laurdag 7. januar kl 16.00 vert det julefest i Vaksdal bedehus, og det er bedehuset og soknerådet som står bak arrangementet. Søndag 8. januar kl 17.00 vert det julefest i Stanghelle bedehus, i regi av Dale og Stanghelle indremisjon.

DET SKJER I BEDEHUSA

VAKSDAL BEDEHUS

Storsamlingar søndag kl. 11.00
Søndagsskule i bedehuskjellaren dei same søndagane kl. 11.30

11. desember. Talar: Ole Corneliussen
22. januar Talar: Reidun Skurtveit
12. februar Talar: Ole Corneliussen
5. mars Talar: Odd Sverre Hove
26. mars Talar: Olav Andre Soltveit

Formiddagstreff torsdag kl. 11.30
19. januar, 16. februar og 23. mars

STANGHELLE BEDEHUS

Onsdag 7. desember kl. 19.00:
Møte ved Christian Skoge

Datoane elles for Dale og Stanghelle bedehus er ikkje klare for Kyrkjebladet går i trykken.

Min salme

*I sist kyrkjeblad fall det ut kven som hadde skrive om si salme, og kven ho utfordra. Det var Ingrid Verpelstad som skreiv i det nummeret, og til dette nummeret utfordra ho Eli Leiren, som og bur på Stanghelle. Eg har valt salmen *Är det sant att Jesus är min broder*, og er særleg glad i Carola Häggkvist sin versjon. Det er ein vakker salme, og eg kjenner at nett slik er det: Jesus er min bror. Til å skrive om Min salme i neste nummer utfordrar eg Brith Kydland.*

Helsing Eli Leiren.

*Tekst: Lina Sandell
Melodi: Oscar Ahnfelt*

*Är det sant att Jesus är min broder
Är det sant att arvet hör mig till
O så bort med alla tårefloder
Bort med allt som här mig ängsla vill
Han min broder under över under
Större nåd väl aldrig tänkas må
Fast jag ej kan tro det alla stunder
Är jag salig på hans ord ändå
Han har sagt min Fader eder Fader
Han har sagt min Gud och eder Gud
Gläds min själ med världars myriader
Att ock du har fått ett sådant bud
O det broderskapet se det gäller
Mer än allt vad här man nämna kan
Ty i bredd med Jesus det mig ställer
Ger mig rätt till samma arv som han
Samma arv däruppe i det höga
Samma himmel samme Gud och Far
Herre Herre öppna blott mitt öga
För de skatter jag dock verkligen har*

FRED PÅ JORD

Dette er byrjinga på tredje verset av «Glade Job». (Nr 47 i Salmeboka). Det er som ein atterklang av englesongen på Betlehemsmarka: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!» Englane hadde nett fortald gjetarane om frelsaren som var fødd dei i Davids by. Med Han var fred komen til jord.

Det er ikkje første gong me høyrer bodskap om fred i Bibelen. Hjå profeten Jesaja les me: Dei skal smi sverda om til plogskjer og spyda til vingardsknivar. Folk skal ikkje lyfta sverd mot folk, ikkje lenger lærast opp til krig. (Jes. 2,4) Det var langt frå røynda til Israelfolket. Dei vart tekne til fange og førde til Babylon. Her kjem profeten Jeremia med trøyst frå Gud: «For eg veit kva tankar eg ha med dykk, fredstankar og ikkje ulukkestankar. Eg vil gje dykk framtid og håp». (Jer. 29,11).

Det er viktig med gode tankar, men utan at dei vert følgde av handling er dei ikkje så mykje verd. Gud har både vilje og makt til å setje sine tankar i verk. Det gir håp om ei betre famtid.

Dei som høyrde profeten Jeremia lengta heim att til Jerusalem og orda hans gav både trøyst og håp. Dei var i Guds tankar og det var fredstankar. Det gjekk 70 år, men det skjedde til slutt. Dei fekk koma heim att og byggja opp at det som var rive ned.

Guds fredstankar vart sette i verk. Guds fredstankar ligg også bak når han sender Son sin til verda. Det er fredstankar for alle menneske. Me syng i «Kim alle klokker» (Nr 49 i Salmeboka): Fred kom til jord, himmelens fred med Guds Ord. Når Ord vert

skreve med stor «O» så er det Jesus Kristus det er meint. (Joh.ev. 1,1). Guds fredstankar vart sette i verk.

Me lever i ei uroleg verd. Mange menneske opplever alt anna enn fred. Flyktningar kjem til landet vårt. Dei er skilde frå sine nære og kjære. Kan hende heimane deira ligg i ruiner. Korleis er det for dei å feira jul og syngja om fred på jorda?

Kan hende bodskapen om fred er viktigast for dei. Guds fredstankar og barnet som vart fødd gir håp om ei framtid der dei er gjenforente med sine kjære, og får feira jul i lag i fred.

«Å du heilage, nådebærande julefest med Guds fred på ny!» (Nr 42 i Salmeboka) I vår julefest får me ta imot Sonen han gav oss. Han vert kalla Fredsfyrste (Jes 9,6) og Han gir oss fred i våre hjarte.

Med fred i hjartet lengtar me etter fred mellom alle menneske. Ofte kjenner me oss makteslause, men me ber til Gud som har fredstankar med oss.

Ha ei velsigna julehøgtid!



Arild Hellesøy
Prost



VOSSAGOSPEL

under leing av Tom Jarle Istad Kristiansen held

Julekonsert Dale kyrkje



17. desember kl 16.00

Vaksne kr 250,-

Born/ungdom < 18 år kr 50,-

Billetter kan kjøpast på Hoopla.no eller i døra.

Betaling med Vipps eller kontant



// Frida med vener

KONSERT I VAKSDAL KYRKJE
TORSDAG 01.12 KL. 19.30

// Frida Amundsen
// Martha Mjelde
// Davin Waage Knappskog

// Frukt&kakao
// Ruben Gjertsen

// betaling ved inngangen // 200 for vaksne
// kontant eller vipps
// gratis for born og unge under 16 år
// konserten er til inntekt for flygel i kyrkja

DEN NORSKE KYRKJA
Vaksdal sokneråd

Høggravid og på flukt

Katerina frå Odessa flykta frå den grufulle krigen med babyen i magen. - Det einaste eg ber om, er å føde i tryggleik, seier ho.

Ho hugsar godt den dagen krigen starta. Det var seint, og ho hadde lagt seg for kvelden. Brått blei ho riven ut av søvnen og vakna av kraftige skot.

- Eg visste ikkje kva som skjedde, og det var først morgonen etter at vi forstod at krigen hadde starta, fortel Katerina då vi møter henne på eit flyktningssenter i byen Lasi i Romania.

Frykta for barnet i magen

Nokre dagar seinare tok ho og familien den tunge avgjerda om å forlate Ukraina og kome seg i tryggleik. Med barnet i magen, som ho ville verne om for alt i verda, hadde ho dei siste dagane før flukta fleire gonger måtta søkje dekning i bomberom då sirenene byrja å ule.

- Eg fekk panikk og ville berre få babyen i magen i tryggleik. Eg klarte ikkje å slappe av før vi kryssa grensa, fortel Katerina.

Flukta tok henne hit til senteret i Lasi. Her får ho tryggleik, mat og omsorg. Det er godt å vite at ho no får all den hjelpa ho treng for å føde barnet sitt i trygge omgivnader. Her treng ho ikkje å frykte bomber og granatar frå krigsherjingane i heimlandet. På senteret her i Lasi bidrar Kirkens Nødhjelp med mellom anna mat og senger og med førebyggjande tiltak mot menneskehandel.

Ein trygg fødsel

Katerina flykta frå krigen saman med mora, tanta og katten sin. Faren til den komande babyen måtte bli igjen i heimlandet. No sørgjer han for at dei ukrainske soldatane får matforsyningar, men skulle situasjonen krevje det, blir han òg send til fronten.

Men først og fremst er Katerina takksam for at ho er i tryggleik her på senteret i Romania, og for at ho kan føde barnet

sitt i trygge omgivnader. - Eg vil reise heim igjen, men eg veit ikkje når det blir mogleg. Byen min har blitt øydelagd og må byggjast opp igjen. For meg er trygge omgivnader for barnet mitt det aller viktigaste no, seier Katerina.

Vi skal snart feire jul, i takksemnd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein frammand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødeligheita var høg. Jesus overlevde spedbarnstida trass i den urolege verda han blei fødd inn i. 2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under 5 år (tal frå 2019). Mange blir framleis fød-

de i krig og konflikt, med vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse menneska. Vi kan vere med og gi nyfødde barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi byggje fleire fødeavdelingar og sørgje for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Slik at fleire får fylle fem år.

SLIK GJEV DU ÅRETS VIKTIGASTE JULEGÅVE:

Vipps eit valfritt beløp til 2426.

Send ordet GAVE på sms til 2426 og gje 250 kroner.

Gåvekonto:
1594 22 87248

Gi ei framtid i gåve!



Flykta: Katerina frå Odessa flykta frå den grufulle krigen med babyen i magen.



Under galleriet-samlingane i Dale kyrkje har endeleg kome i gang att etter pandemien.

Startskotet gjekk i oktober, og med unnatak av desember er det planlagt samlingar siste torsdag i kvar måned til og med mai. Samlingane er kl 19.00-20.30, har ulike tema, og freistar med enkel servering.

FRIVILLIGDAG I VAKSDAL 5. NOVEMBER

Denne dagen arrangerte Vaksdal kommune frivilligdag for kommunen. Frivillige lag og foreiningar var innbedne til å presentere si verksemd, og innbyggjarane i kommunen vart innbedne til å kome for å få informasjon om kva dei driv med. Kyrkjene i Vaksdal var og representerte denne dagen, og nytta høvet til både å informere om noko av arbeidet i kyrkjelydane samt fortelje at det er trong for fleire frivillige i arbeidet.

ÅRSMØTE I KYRKJELYDANE

Sokna har sine årsmøte i løpet av dei fyrste månadane kvart år, og dei vanlegaste sakene er gjennomgang og godkjenning av årsmelding for kalenderår som var samt orientering om rekneskapsen for det same året. Desse årsmøta er planlagde, og dei kjem rett etter gudstenesta desse dagane:

Bergsdalen	søndag 5. mars kl 11.00
Dale	søndag 19. februar kl 16.00
Eksingedalen	søndag 5. februar kl 11.00
Nesheim	søndag 12. mars kl 15.00
Stamnes	søndag 19. mars kl 11.00
Vaksdal	søndag 19. mars kl 18.00

BASAR PÅ STAMNES 23. FEBRUAR

Endeleg kan soknerådet halde basar i bedehuset igjen! Basaren er eit samarbeid med barnekoret på Stamnes.

SOKNERÅDSVAL I 2023

I september neste år skal det veljast nye sokneråd i kyrkja vår, for perioden 2023-2027. Sokneråda startar nominasjonsprosessen like over nyttår, og vallistene skal vere klare til sommaren.

Valdagen er måndag 11. september.



En jul å glede seg til

Mange familier går en tøff tid i møte. Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

VIPPS en gave til 13130
Gi på konto 3201 52 74165



DEN NORSKE KYRKJA Vaksdal sokneråd

Vel møtt i Vaksdal kyrkje i konfirmantrommet!

Kaffien og teen er klar måndagar frå kl 12.00 til 13.00

- Sit du heime åleine?
- Har du gått deg ein tur i Lia eller på Rogavegen?
- Hadde det vore kjekt med ein føremiddagsprat?
- Kjem du saman med nokon?
- Trilletur med barnevogn?
- Har du teke turen til Vaksdal frå andre delar av kommunen?

Då kan det jo smaka godt med ein kopp kaffi eller te og litt å bita i.

VEL MØTT TIL EI OPE OG UFORMELL PRATESTUND!





Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølvstøtt livs- og trusveggen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Veggen i Vaksdal på Facebook!



Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust har det vore baby- og småbornssong vekselvis på Dale og Vaksdal på onsdagar. Trusopplærar Kristin har leia samlingane, som består av song og regler, og me nyttar ulike effektar som rytmeinstrument, stoff og såpebøler. Alltid kjekt å møte små og store! Sjå meir info under «Veggen vidare».



Knøttesong på Dale og Vaksdal

I haust har me òg hatt knøttesong for born 1-5 år på Dale og Vaksdal onsdagar. Det har vore kjekke samlingar med både kjende og nye fjes - koseleg! Og ganske travelt, så me hadde visst ingen bilete derifrå...

Onsdagsklubb på Dale og Vaksdal

I haust har me prøvd oss på «Superonsdagar» på Dale og Vaksdal, med samlingar for fire ulike aldersgrupper på same dag, vekselvis på Vaksdal og Dale, som de ser over og under her. Onsdagsklubb er eit nytt tilbod til born i 1.-4.klasse, der me syng, fortel, leikar og har ei hobbyaktivitet. Her er det liv og røre og kjekke born, som på alle andre samlingar!



Baby- og småbornssong på Stamnes og Stamnes barnekor

På Stamnes har me hatt songsamlingar i bedehuskjellaren ein torsdag i månaden i haust. Koselege og opplevingsrike samlingar for både små og store! Elles er no Kristin også vorte den nye dirigenten for Stamnes barnekor, godt hjulpe av fleire gode leiarar. Koret øver torsdag ettermiddagar i bedehuset. Me har fokus på songglede og leik, og har det kjekt saman om på alle andre samlingar!



Etter skuletid på Dale og Vaksdal

Etter skuletid er endå ei nyskaping denne hausten, der born som går i 5.-7. klasse får tilbod om ein stad å vera etter skulen onsdagar, vekselvis på Dale og Vaksdal. Borna har fått pølser og saft, og kunna spelt spel eller gjort ulike hobbyaktivitetar, alt etter kva dei har villa sjølve. På Vaksdal har det etter kvart vorte ein stor gjeng som er saman i kyrkje eller bedehus etter skulen, og det rår eit koseleg kaos.



Tårnagenthelg i Eksingedalen med utdeling av bøker



Endeleg har Eksingedalen fått sine heilt eigne tårnagentar! Dette er fyrste gong me arrangerte dette her, og ein fin gjeng agentar utforska Eksingedalen kyrkje laurdag 5.november, og var med på gudsteneste i Nesheim kyrkje søndag 6. november. Dei song tårnagentsongen så det

ljoma i veggane, og klatra modige opp smale stigar til tårna i begge kyrkjene. Fine fiskar blei laga og hang på veggen under gudstenesta, medan me saman leika oss gjennom forteljinga om Peters fiskefangst. Me let bileta elles tala for seg.



Utdeling av Nytestamentet på Stamnes og Vaksdal

Tiåringar og nokre elleveåringar frå Stamnes og Vaksdal sokn fekk Nytestamentet under kvar si gudsteneste 13.november, samstundes som 4-åringane fekk bøkene sine. Borna hjalp òg til undervegs i gudstenesta, blant anna med å blåsa såpebøler til glede for dei yngre borna.



Konfirmantane

Konfirmantåret 2022-2023 er godt i gong, og konfirmantane har allereie delteke på fleire ulike aktivitetar, blant anna leir i Eksingedalen og nattcup. Me har samlingar for alle konfirmantane i Dale bedehus etter skuletid nokre torsdagar,

I den årlege nattcupen fotball kom begge jentelaga frå Vaksdal/Modalen til finalen! Her er vinnarlaget i det dei får pokalen frå vaksdølingen Hans Kristian Hammersvik-Lid, som er med i leiinga for nattcupen. Nemnast må og at heiangjengen fekk premie for beste heiangjeng!



Samlingar og utdeling av bok til 4-åringar

Fireåringane bygdene har fått, eller skal få, fireårsbøker under kvar sine gudstenester i haust. Desse gudstenestene prøver me å tilpassa borna mest mogleg, både når det gjeld innhald og lengde. I dei fleste bygdene var det òg fireårssamlingar der borna fekk laga seg kvar sin adventskalender, basert på julekrybba. Ein konge leitar etter Jesusbarnet, og må gå på 24 stjerner i desember for å koma fram til Jesus i krubba, saman med Maria og Josef.



Kva skjer på vegen framover?

FRÅ FEBRUAR

Baby- og småbornssong på Stamnes

0-5 år

Også etter jul vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-5 år på Stamnes. Me samlast i bedehuskjellaren mellom kl. 10 og 12 ein torsdag i månaden, datoar vert annonsert seinare.

28.-29. JANUAR

Lys Vaken

11 år

29. januar er det Lys Vaken i Dale kyrkje, for alle born i kommunen som fyller elleve år dette året. Her har ein ulike spennande aktivitetar, et pizza og overnattar i kyrkja til søndagen, då ein deltek i gudstenesta før det er heimreis. Dette pleier å vera veldig kjekt for dei som er med



29. JANUAR

Utdeling av Nytestamentet til elleveåringane på Dale

11 år

Under Lys-Vaken-gudstenesta i Dale kyrkje 29. januar vert det òg utdeling av Nytestamentet til alle elleveåringar som høyrer til Dale sokn. Gudstenesta kan alle sjølv sagt koma på uansett om dei er med på resten av Lys Vaken-opplegget eller ikkje!



4.-5. FEBRUAR

Tårnagenthelg

8 år

4.-5. februar vert det arrangert Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje. Her er alle som blir åtte år dette året velkomne. Ein har fyrst ei samling på dagtid laurdag, der ein blant anna skal gjennom ei tårnagentløype, få agentbevis rundt halsen, bli delt inn i grupper og gjera ulike oppgåver samtidig som ein blir kjend med kyrkja. Sjølv sagt står ein tur i kyrkjetårnet også på planen! Sundagen er det tårnagentgudsteneste der tårnagentane bidreg med noko dei har førebudd dagen før



TANKAR FRÅ TRUSOPPLÆRAREN

Ein travel haust nærmar seg slutten, og eg kjenner det i kroppen. At eg er sånn godtroytt. De veit, når ein sig ned i sofaen etter ein lang og travel dag, og kjenner på takksemnd over alt som har hendt, og for menneska ein har møtt på vegen. Eg skal innrømme at eg ikkje så ofte har den kjensla i kroppen, kjenner ofte mest på «Å nei, kvifor sa eg det, og kvifor gjorde eg ikkje det?», og så vidare. Nokon meiner at eg er for streng med meg sjølv. Og

det er kanskje sant, og i grunn ganske dumt. Så no over eg meg på å fokusera meir på det gode, og det eg faktisk fekk til. Eg studerer veiledning for tida, og lærer mykje om kor viktig det er å møta seg sjølv og andre med rausheit. Og er ein raus med seg sjølv, er ein også rausare med andre. Det er så lett å tenkja at ein er egoistisk om ein tek omsyn til egne behov. Og egoistisk vil ein jo ikkje vera. Men sjølvutslettande er visst heller

ikkje så sunt å vera. Jesus sa at me skulle elska nesten vår som oss sjølv. I det ligg det jo at me òg skal vera glade i oss sjølv, og behandla oss sjølv godt, vel? Så no over eg meg på å vera litt mindre streng, og litt snillare med meg sjølv. Og håpar det smittar positivt over på dei eg møter på min veg. Nett no sit eg og ser for meg smil, klemmar og gode samtalar eg har hatt med små og store gjennom hausten. Eg set utruleg pris på alle saman.



Tusen takk! Eg ynskjer deg ei god og skuldersonkende jul i vente, og hugs å vera raus med deg sjølv, du òg.

Kristin

Minnegudsteneste Nyårsaftan 2022



Minnegudstenesta på Nyårsaftan vil i år vere i Stamnes kyrkje for sokna Stamnes med Eidsland, Eksingedalen og Nesheim. Dei siste åra har det vore i Dale grunna covid.

I år er minnegudstenesta fordelt på to kyrkjer og på to dagar. Sokna Dale, Vaksdal og Bergsdalen har vore på Helgemesse i Dale kyrkje i haust. Difor vil ikkje namna på dei avlidne for dei sokna verte lest og tent lys for i Stamnes på Nyårsaftan. Aller er velkomne til Stamnes kl 15 Nyårsafta. Det vil verte tent eit ekstra lys som representerer dei som sørgjer over nokon frå eit anna sokn, eller frå dødsfall andre stader. Mange har òg med seg sorg over nokon dei har mista eit tidlegare år.

Minnegudstenesta skal ikkje vere ein ny gravferd, men til hjelp for dei pårørande og sørgjande når ein går inn i eit nytt år. Me innbyr særskilt dei som har mist nokon dette siste åra for dei som høyrer til desse sokna. Me veit at ikkje alle har mogelegheit til å reise inn til Stamnes på Nyårsaftan, men det er fint og godt å vita at det vert tent lys og namna vert lesne.

Det er ikkje dei pårørande/sørgjande som sjølv tenner lysa, men to frå kyrkja som tenner lysa på den store krossen som er plassert der kista står under gravferda. Det å tenne lys i mørketida gjev trøyst og von. Me får leva i lyset til Herren med liva våre. Det lyser og vermer. Herren er nær i all vår sorg og sut, og gjev von om ny dagar med glede og velsigning.

Det vil òg verte framført høveleg musikk under gudstenesta. Me vil sende ei jolehelsing til dei pårørande, samt ynskje alle ein fredeleg og god Jul i ei uroleig verd. Me ber alle på ein ekstra sorg dette året over at det på ny er krig i Europa, og mange slit med å få endane til å møtast so vel i ulike delar av verda som her heime. Guds fred over det nye året som ligg framom!

Sokneprest
Edvard Bø

KONSERT I NESHEIM KYRKJE

Nesheim sokneråd inviterte igjen til konsert til inntekt for skule på Madagaskar fredagskveld 18.november. Ein stjerneklar og vakker kveld.

Forutan dei fremste benkane, var kyrkja fullsett - tett oppunder 60 personar løyste billett.

Barnekor frå Eksingedalen sette stemninga tidleg med upåklageleg innsats til glede for alle tilhøyrarar. Hanna Gullbrå og Svein Tollefsen hadde fleire innslag, derimellom duett - med suksess også i år.

Vossagospel med dirigent Tom Jarle Istad Kristiansen var likevel kveldens hovudattraksjon. Dei kom over fjellet frå Voss og fylte kyrkja med lyd og song og kveikte litt liv i oss alle.

Innimellom alle musikalske innslag, var det også sett av litt tid til å presentere skulen på Madagaskar som inntektene frå konserten gjekk til.

Og som om ikkje alt dette var nok, etter konsert kunne dei som ville få kjøpe med seg eksotiske varer som moltesylte frå Gullbrå og vanilje frå Madagaskar.

Me fekk inn 13750,- i billett-inntekter og vel 7000 i sal av molter og vanilje denne helga, og alle pengane går til skulen.

NY BISKOP I BJØRGVIN

Biskop Halvor Nordhaug går av med pensjon i desember, og hadde si avskils-gudsteneste i Bergen domkyrkje 20. november. Prosessen med å finne ein ny biskop har starta. I starten av desember presenterar Kyrkerådet kandidatane, og sokneråda er mellom dei som kan gje rådgjevande stemme på kven av kandidatane dei ser på som best skikka til å bli ny biskop.

Ny biskop vert ventelegutnemnd i starten av februar, og vigsla 16. april.

Konfirmantjubilantar

I haust har det vore konfirmantjubiläum på Dale og Vaksdal. På Vaksdal vart for fyrste gong og 60-årskonfirmantane innbedne. På Stamnes vert det ikkje noko slik jubileum i år, men neste år.



50-årskonfirmantar i Dale kyrkje 16. oktober:

Namna på desse jublantane kom diverre ikkje fram i tide. Berre nyt bileta, så skal me freiste å få namna fram ved seinare høve.

Foto: Brith Kydland



60-årskonfirmantar i Dale kyrkje 16. oktober

Namna på desse jublantane kom diverre ikkje fram i tide. Berre nyt bileta, så skal me freiste å få namna fram ved seinare høve.

Foto: Brith Kydland



Vaksdal kyrkje 23. oktober:

Frå venstre: Reidun Kallekleiv Grindheim, sokneprest Edvard Bø, Wenche Vågenes Larsen, Terje Gundersen, Heidi Rongved, Anne Karin Hanevik Røsseland, Halvor Johan Høiby Hansen, Jan Olsnes, Sølvi Irene Faugstad Hovelandsdal, Åge Johan Fanebust, Martha Bjørsvik, Per Ivar Bruvik, Johanna Kristine Herfidal Halland og Jon Aadland.

Foto: Per Nordmark

DEN NORSKE KYRKJA
Vaksdal sokneråd

Den tradisjonelle julefesten

er attende etter fleire år med restriksjonar

Fest for små og store i Vaksdal bedehus
laurdag 7. januar kl 16.00

Me syng dei kjende julesongane og går rundt juletreet.
Dramatisering av juleevangeliet. Andakt. Matøkt.

Arr: Vaksdal sokneråd og Vaksdal Indremisjon



DALETEC

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

17.09 Elisa Borgund Kallestad
17.09 Olai Borgund Kallestad

Vaksdal

23.10 Oliver Klever



VIGDE

Dale

17.09 Trude Karin Faugstad og Magnus Seilen



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale	17.10 Erling Rønhovde	1930
	19.10 Karin Kvernes	1946
Nesheim	06.09 Bjarne Gunnvald Brekkhus	1947
Stamnes	14.06 Hallstein E Leiren	1943
	06.09 Osvald M Kallestad	1923
Vaksdal	01.10 Harald Eriksen	1945
	06.10 Harald Martin Langhelle	1929
	04.11 Toni Søndergaard	1957
	12.11 Jan Erik Pahlm	1971
	12.11 Knut Vemund Hansen	1950



Vaksdal

BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ

-DITT LOKALE BYRÅ SIDEN 1984-

DØGNVAKT 56 59 74 70

- OMSORG VED LIVETS SLUTT -

POST@VAKSDALBEGRAVELSE.NO WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO TLF. 911 79 766

BLOMSTERBESTILLING 55 19 72 05

TOMME-
STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas
med hengar til leige.
Telefon 481 44 680

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

ATLANTIS

VVS & INTERIØR

Din lokale rørlegger i Vaksdal

☎ 95 97 17 00



eviny

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyer • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

STEINRIKET
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

Sæterdal
Elektro

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 565943 00

SparebankenVest
– satsar på Vestlandet

Tlf 56 59 39 00 - www.spv.no



Alt innan
tømrararbeid

Tlf. 922 65 739
post@falkangerbygg.no

IDEHUS
BYGGER PÅ GODE IDEER

Falkanger Bygg er
forhandler av Idehus
Sjå Idehus.no

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

Vangen
Elektriske

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

• Elektro svak- og sterkstrøm • Alarmanlegg • Brannvarsling • Teleinstallasjonar • Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 - www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

• Selskap
• Levering av mat
• Minnesamvære
Tlf. 93 213 213

VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 4. desember - 2. søndag i adventstida
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Lysmesse. Kvamsøe m. fl.
Nattverd.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15.00.
Lysmesse. Kvamsøe m. fl. Nattverd. Kyrkjekaffi.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00.
Lysmesse. Bø m. fl. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Søndag 11. desember - 3. søndag i adventstida
Ingen gudsteneste i Vaksdal.

Søndag 18. desember - 4. søndag i adventstida
Ingen gudsteneste i Vaksdal.

Julaftan

NESHEIM KYRKJE kl. 12.00.
Julegudsteneste. Bø m. fl.

STAMNES KYRKJE kl. 13.00
Julegudsteneste. Kvamsøe n. fl.

DALE KYRKJE kl. 15.00 og 16.00.
Julegudsteneste. Kvamsøe m. fl.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00.
Julegudsteneste. Bø m. fl.

1. Juledag

VAKSDAL KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida). Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal og Dale sokn. Bø og Kvamsøe.
Nattverd. Forsongarane møter kl. 11.00.

2. Juledag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida).
Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe.

EIDSLAND KAPELL kl. 12.00 (Merk tida).
Høgtidsgudsteneste. Bø.

Nyårsaftan

STAMNES KYRKJE kl. 15.00. Minnegudsteneste for
Stammes, Eksingedalen og Nesheim sokn. Bø.

VAKSDAL KYRKJE kl. 23.15. Midnattsmesse. Bø.

Nyårsdag

Ingen gudsteneste i Vaksdal.

Søndag 8. januar - Kristi openberringsdag

DALE KYRKJE kl. 11.00 Gudsteneste. Kvamsøe.
Nattverd. Kyrkjekaffi.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.
Bø. Nattverd.

Søndag 15. januar - 2. søndag i openberringstida
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00.
Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.

VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste.
Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Søndag 22. januar - 3. søndag i openberringstida
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.
Bø. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Søndag 29. januar - 4. søndag i openberringstida
DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste / Lys Vaken-
helg. Kvamsøe. Bønevandring.

Søndag 5. februar - Såmannssøndagen
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste / Tårn-
agent-helg. Bø og Normann. Bønevandring. Kyrkjekaffi.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.
Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi. Årsmøte.

Søndag 12. februar - Kristi forklaringsdag
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.
Kvamsøe. Preik ved Arne og Frode! Nattverd.

Søndag 19. februar - Fastelavnssøndag
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00.
Familiegudsteneste. Kvamsøe. Bønevandring. Kyrkjekaffi.
Årsmøte.

Søndag 26. februar - 1. søndag i fastetida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.
Kyrkjekaffi.

Søndag 5. mars - 2. søndag i fastetida
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe.
Nattverd. Årsmøte.

Søndag 12. mars - 3. søndag i fastetida
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.
Kyrkjekaffi.

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe.
Nattverd. Kyrkjekaffi. Årsmøte.

Søndag 19. mars - 4. søndag i fastetida
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.
Kyrkjekaffi. Årsmøte.

VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.
Kyrkjekaffi. Årsmøte.

Søndag 26. mars - Maria bodskapsdag
DALE KYRKJE kl. 18.00. Ung Messe. Bø, Kvamsøe og
konfirmantane m. f. Nattverd.

*Det vil kome endringar i gudstenestelista. Sjå heimesida vår,
lokalavisene og oppslag for eventuelle endringar.
Ynskjer de å ha dåp? Ta kontakt med kyrkjekontoret.*

TOVI
Elektro

Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no

NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt lokale
gravferdsbyrå

AVD. VAKSDAL

ALLTID HER FOR
deg



Ann-Elin M. Gullbrå



Marit M. Alnheim

DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO

Me har lokalt kontor i Elvavegen 1, 5722 Dalekvam



SEI NOKO OM JESUS!

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutsleg ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søk-

te seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnssam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!



Halvor Nordhaug



Bunad og stakkastove as
ny bunad
omsøm
bunadsølv
tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00
Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen
www.bunadogstakkastove.no